

# Skysreglement for elevar i grunnskulen i Sogn og Fjordane

## INNHALD:

<b>1</b>	<b>LOVHEIMEL / RETNINGSGIVANDE HOVUDPUNKT .....</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>KVA GJEV RETT PÅ FRI SKULESKYSS? .....</b>	<b>1</b>
2.1	Avstand mellom heim og skule.....	1
2.2	Farleg skuleveg.....	1
2.3	Båtskyss.....	2
<b>3</b>	<b>SKYSS FOR ELEVAR MED VARIG FUNKSJONSHEMMING/ MELLOMBELS SKADE .....</b>	<b>3</b>
3.1	Generelle reglar .....	3
<b>4</b>	<b>SKYSSRETT FOR SÆRSKILDE ELEVGRUPPER .....</b>	<b>4</b>
4.1	Skyss av barn under skulepliktig alder .....	4
4.2	Skyss til private grunnskular .....	4
4.3	Vaksne med rett til opplæring.....	4
<b>5</b>	<b>ELEVEN SIN HEIM .....</b>	<b>5</b>
5.1	Folkeregistrert adresse .....	5
5.2	Delt dagleg omsorg.....	6
5.3	Barn i asylmottak .....	6
5.4	Elevar i fosterheim .....	6
5.5	Elevar i avlasting.....	7
<b>6</b>	<b>ELEVEN SIN SKULE .....</b>	<b>7</b>
6.1	Nærmiljøskulen .....	7
6.2	Skyss til andre skular enn eleven sin nærmiljøskule.....	7
6.3	Mellombels undervisning i andre lokale enn nærmaste skule.....	7
6.4	Undervisning fleire stader .....	8
6.5	Undervisning i heimen ved sjukdom .....	8
<b>7</b>	<b>SKYSSTANDARD .....</b>	<b>9</b>

7.1	Gangavstand .....	9
7.2	Reisetid .....	9
7.3	Reisefølge/ledsagar og tilsyn .....	9
7.4	Følgjeteneste <u>på</u> skulebussen for 1.klassingar .....	10
7.5	Følgjeteneste til/frå skuleskyssen for 1.klassingar.....	10
7.6	Innhysing.....	11
<b>8</b>	<b>SKYSSBEVIS / FRIKORT FOR SKULESKYSS .....</b>	<b>11</b>
<b>9</b>	<b>SKYSS TIL SKULEFRITIDSORDNING - SFO.....</b>	<b>11</b>
9.1	Generelle reglar .....	11
9.2	Elevar med tilrettelagt opplæringstilbod i skulefritidsordninga.....	12
<b>10</b>	<b>MIDTSKYSS.....</b>	<b>12</b>
<b>11</b>	<b>INFORMASJONSPLIKT .....</b>	<b>13</b>
<b>12</b>	<b>VEDTAK OG KLAGERETT .....</b>	<b>13</b>
<b>13</b>	<b>ØKONOMISK ANSVAR .....</b>	<b>14</b>
13.1	Fordeling mellom fylke og kommune .....	14
<b>14</b>	<b>SAMORDNING MELLOM SKULESLAGA.....</b>	<b>14</b>
<b>15</b>	<b>ADMINISTRASJON / ORGANISERING .....</b>	<b>15</b>
	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>16</b>

## **1 LOVHEIMEL / RETNINGSGIVANDE HOVUDPUNKT**

Fylkeskommunen har i følge Opplæringslova §7-1 og § 13-4 ansvar for å organisere og finansiere skuleskyss for elevar i 2.-10.klasse som bur 4 km eller meir frå skulen. Skyssgrensa er 2 km for elevar i 1.klasse.

Fylkeskommunen sitt skyssansvar omfattar også skyss av elevar med varig funksjonshemming og skyss av elevar med mellombels skade eller sjukdom.

Kommunen er ifølge Opplæringslova §13-4 ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg når avstanden heim-skule er under 2/4 km. Frå 01.01.03 har kommunane vedtaksmynde og er økonomisk ansvarlege også for skyss av førskuleborn. Kommunen har etter §13-4 ansvar for å oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskuleborn, grunnskuleelevar og vaksne.

Sjå elles pkt 6.4 som omhandlar andre kommunale skyss-oppgåver.

Fylkeskommunen skal organisere skyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samd om korleis skyssen skal organsierast og finansierast, kan saka sendast Fylkesmannen for avgjerd.

Kommunane har plikt til å samarbeide om skyssen, m.a. skal kommunane ta med organisering av skuleskyssen i vurderingane når timeplan og skulerute for grunnskulen skal fastleggast.

Som skuleskyss blir rekna den daglege transporten mellom heim og grunnskuletilbod til skulen sine ordinære start-og sluttider.

## **2 KVA GJEV RETT PÅ FRI SKULESKYSS?**

### **2.1 Avstand mellom heim og skule**

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Elevar i 1.klasse som har ein avstand på 2 km eller meir frå bustad til skule har rett til dagleg skyss. For elevar i 2.-10.klasse er skyssgrensa 4 km.

Vi måler kortaste gangavstand òg rekna frå bustad til skule (dør til dør). Brøytt gangveg tel med i avstandsmålinga.

#### **KOMMENTAR:**

Avstanden vert målt langs den kortaste "farande veg" mellom heim og skule. Med farande veg forstår vi; veg som er open for gåande. Mellom anna er private vegar som er open for allmen ferdsel og opparbeidd gangveg rekna som farande veg. Avstandsgrensa på 2 km og 4 km er absolutt. Det er såleis ikkje rom for skjønnsutøving med omsyn til avstanden.

### **2.2 Farleg skuleveg**

Kjelde: Opplæringslova §§7-1, 13-4

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til fri skuleskyss utan omsyn til avstand mellom heim og skule.

Kommunen har avgjerdsmynde i saker om fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg når avstanden heim-skule er under 2/4 km.

Fylkeskommunen har avgjerdsmynde i saker om særskild skyss pga farleg skuleveg, når avstanden heim-skule er over 2/4 km.

**KOMMENTAR:**

Dersom avstand heim-skule er under 2/4 km: Søknad sendast til kommunen.

Dersom avstand heim-skule er over 2/4 km:

Søknad skal sendast kommunen som vurderer søknaden på lik line med det kommunale ansvaret for farleg skuleveg. Søknaden vert deretter sendt vidare til fylkeskommunen saman med kommunen si vurdering og tilråding av kor vidt deler av skulevegen bør reknast som særleg farleg eller vanskeleg. Fylkeskommunen fattar endeleg vedtak i saka.

Dersom kommunen etter ei konkret vurdering finn at det ikkje er forsvarleg å krevje at eleven går frå heimen og fram til busshaldeplass/opsamlingsplass, kan retten til skyss utløysast frå ein annan oppsamlingsplass enn den vanlege. I praksis vil dette ofte seie at eleven får skyss heilt frå heimen, men det kan også innebere at eleven får skyss frå ein anna oppsamlingsplass.

Det må imidlertid vera særlege forhold som utløyser ein skyssrett med bakgrunn i trafikkfarleg skuleveg. I praksis vil dette bety at den aktuelle vegstrekking må skilje seg frå andre vegstykke, slik at denne vegstrekking er meir farleg enn andre.

I tvilstilfelle bør det gjennomførast synfaring der det er naturleg at ein dreg veksling på følgjande partar; foreldra til eleven, skuleansvarleg og teknisk etat i kommunen, Statens vegvesen, Fylkesmannen, lensmann, ruteselskap og fylkeskommunen. Synfaringa kan òg gje som resultat at det er trong for tiltak på litt lengre sikt som t.d trafikklys, fortau o.l som vil vera naturleg å ta opp i dei lokale trafikktryggingutvala i kommunen.

### **2.3 Båtskyss**

Kjelde: Opplæringslova §7-1

Når det er naudsynt, har elevar rett på fri båtskyss uavhengig av avstand.

Fylkeskommunen har avgjerdsmynde i saker vedkomande privat båtskyss.

**KOMMENTAR:**

Søknad om privat båtskyss skal sendast via skulen/kommunen til fylkeskommunen som tek avgjerd i saka. Fylkeskommunen organiserer skyssen i samråd med kommunen.

### **3 SKYSS FOR ELEVAR MED VARIG FUNKSJONSHEMMING/ MELLOMBELS SKADE**

Kjelde: Opplæringslova § 7-3

Merknader fra Ot prp nr 46 (1997-98) til §7-3

#### **3.1 Generelle reglar**

Kjelde: Opplæringslova §7-3

Elevar med varig funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom har rett til fri skuleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skule. Funksjonshemminga må dokumenterast med sakkyndig erklæring. Som sakkyndig erklæring blir rekna uttale frå lege/ psykolog/PP-rådgivar. Uttalen må innehalde skildring av skyssbehovet (buss eller drosje), og kva periode det er naudsynt med spesialskyss.

Elevar som ikkje er rørslehemma og som ein må rekne med kan følgje ordinær skulebuss, skal få tilbod om busstransport eventuelt med følgjeordning under reisa eller tilsyn/følgje til/frå busstransport etter behov.

KOMMENTAR:

#### **A) Søknad/bestilling av skyss**

##### **Ved varig funksjonshemming / varig skyss:**

Kommunane rapporterar inn skysstrongen til ruteselskapet som organiserar skyssen, jfr skjema "Trongen for skuleruter" (vedlegg 5). Sakkunnig uttale (jfr pkt B nedanfor) må liggje ved.

##### **Ved mellombels skade / mellombels skyss:**

Kommunane syter for skyss til elevar som på grunn av skade, sjukdom eller mellombels funksjonshemming ikkje kan koma til skulen på vanleg måte, men som elles kan følgje undervisninga.

Dersom eleven sin helsetilstand tillet det, skal det nyttast offentleg skyssmiddel der dette er mogleg. I slike høve kan det eventuelt nyttast drosje/privatskyss til nærmaste busshaldeplass.

Dersom det er naudsynt med ekstraskyss (t.d. drosje eller privat skyss) parallelt med offentleg oppsett skulerute/vanleg personrute, **må** legen spesifisera dette i legeattesten.

I særskilde høve vel foreldra sjølve å skyse barnet. Vi legg då staten sitt skyssregulativ til grunn med minstetakst tilsvarende minstetakst for drosje. Evt betaling av ferjebillettar eller bomavgifter, skal dokumenterast og sendast saman med søknad om refusjon. Eventuelle avtalar om privatskyss og refusjon skal avklarast med fylkeskommunen/kommunen før ordninga vert etablert.

Kommunane forskotterer skyssutgiftene og sender refusjonskrav for fylkeskommunen sin del av utgiftene ved slutten av kvart skulehalvår. Sjå nærmare om refusjonsordninga i vedlagt brev frå fylkeskommunen (vedlegg 6).

## **B) Sakkunnig uttale**

Som sakkunnig uttale blir rekna uttale frå lege/psykolog/PP-rådgivar.

I den sakkyndige uttalen må det kome klart fram kvifor eleven har behov for skyss, og kva skyss det er snakk om; buss eller drosje. Det må også kome klart fram kva tidsrom det er naudsynt med individuelt tilrettelagt skyss. Dersom det er naudsynt med ekstraskyss parallelt med offentleg oppsett skulerute må legen spesifisera dette i legeattesten.

## **4 SKYSSRETT FOR SÆRSKILDE ELEVGRUPPER**

### **4.1 Skyss av barn under skulepliktig alder**

Kjelde: Opplæringslova §§7-6, 13-4, Rundskriv F 58/90 frå KUF  
Brev frå UFD av 12.08.02

Barn under skulepliktig alder har som hovudregel ikkje rett på skyss.

Dersom barn under skulepliktig alder får spesialpedagogisk hjelp kan det likevel innvilgast skyss mellom heim og undervisningsstad dersom dette er naudsynt for at barnet skal kunne ta i mot den spesialpedagogiske hjelpa, og det er knytt vesentleg større byrder til skyssen enn andre foreldre med barn har.

Skyss er knytt til dei dagane barnet mottek spesialpedagogisk hjelp.

Kommunane har vedtaksmynde og heile det økonomiske ansvaret for slike skyssar frå 01.01.03.

### **4.2 Skyss til private grunnskular**

Kjelde: Privatskulelova §10, Opplæringslova §2-12, Merknader frå Ot prp nr 46  
(1997-98) til §2-12

Elevar ved private grunnskular som mottek statstøtte får dekkja skuleskyss etter reglane som gjeld for tilsvarande offentlege skular føresett at skulen ligg innanfor eleven sin heimkommune. Elevar i 2.-10.klasse som bur fire kilometer eller meir frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1.klasse er skyssgrensa to kilometer.

I tilfelle der privatskulen ligg i annan kommune enn eleven sin heimstadkommune, har verken kommune eller fylkeskommune skyssansvar frå kommunegrensa til skulen. Skule, foreldre eller føresette må i slike tilfelle dekke skyssen frå kommunegrensa til skulen.

### **4.3 Vaksne med rett til opplæring**

Kjelde: Opplæringslova §4A-7  
Ot.prp. nr 44 (1999-2000)  
"Opplæringslova" av Geir Helgeland frå 2001

Vaksne som ikkje har fullført grunnskulen, og som bur 4 km eller meir frå skulen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det - har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4 A.

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne jfr tidlegare §5-2 - har etter § 4A-2 rett til spesialundervisning. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn er den same som for elevar i grunnskulen.

Vaksne innvandrarak som får tilbod om undervisning i Norsk/Samfunnsfag har ikkje ein skyssrett. Kommunen må i slike tilfelle vurdere å dekke utgifter ved slik skyss.

#### KOMMENTAR:

Vaksne som tidlegare har fullført grunnskulen, men som likevel treng meir grunnskuleopplæring utifrå andre årsaker enn det som er heimla i §4A-2 (jfr tidlegare §5-2) ”Rett til spesialundervisning” har ikkje krav på skyss m.m.

For vaksenopplæringsselevar med eit opplærings-og aktivitetstilbod på same stad skal skyssutgiftene delast likt mellom fylkeskommune og kommune.

Kommunen dekker dei totale skyssutgiftene til behandlings-eller aktivitetstilbod. Kommunen sitt ansvar for vaksenopplæringsselevar vert elles avgrensa til å dekke gjeldande persontakst.

Vaksne som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, mellom andre asylsøkkarak, har ingen rett til grunnskuleopplæring og heller ingen rett til skyss, jfr Opplæringslova.

Som hovudregel skal elevane følgje rutegåande skyssmiddel. Dersom opplæringstilbodet er lagt til kveldstid må skuleskyssen tilpassast dette. I særskilde høve kan det etablerast egne skyssordningar etter avtale med fylkeskommunen/kommunen dersom eleven ønskjer å utføre skyssen sjølv. Ein legg då staten sitt skyssregulativ til grunn, med minstetakst tilsvarande minstetakst for drosje. Kostnader utover dette, herunder betaling av ferjebillett eller bomavgifter, skal dokumenterast og sendast saman med søknad om refusjon. Refusjon av reiseutgifter vert utbetalt etterskotsvis når kvart semester er avslutta, i januar og juli. Eventuelle avtalar om privatskyss og refusjon skal avklarast før ordninga vert etablert.

Der det er trong for ekstraskyss med drosje, skipar fylkeskommunen denne i samråd med kommunane og ruteselskapa. Vilkår for å skipe særskilt tilpassa skyssopplegg:

- \* Det må liggje føre kommunalt vedtak om at eleven har særleg trong for spesialundervisning på grunnskulen sitt område. Omfanget av opplæringa må gå fram av vedtaket.
- \* Det må liggje føre sakkunnig vurdering (lege/psykolog/PP-rådgivar) dersom eleven sin funksjonshemming er slik at eleven ikkje kan reise med dei vanlege rutene, men må ha særskilt tilpassa skyssopplegg, jfr pkt 3.1 B.

## **5 ELEVEN SIN HEIM**

### **5.1 Folkeregistrert adresse**

Eleven si folkeregistrerte adresse vert oppfatta som heim, jfr også pkt 5.2 om delt omsorg.

#### KOMMENTAR:

Elevar som mellombels bur andre stader, til dømes hjå familie eller vener, har ikkje rett på skyss.

### **5.2 Delt dagleg omsorg**

Kjelde: Brev frå KUF datert 23.12.96

Ved delt dagleg omsorg har eleven rett til fri skuleskyss frå begge foreldra og til/frå skulen etter reglane i kapittel 2. Delt dagleg omsorg ligg føre når eleven bur like mykje hjå kvar av foreldra, dvs lik 50-50 hjå kvar av foreldra – eksempelvis annan kvar veke. Ein dag pr måned eller ein dag pr veke kan ikkje sjåast på som delt dagleg omsorg.

Når barnet besøker den av foreldra som ikkje har det daglege omsorgsansvaret, har ikkje fylkeskommunen ansvar for skuleskyssen.

#### KOMMENTAR:

Døme: Det føreligg ein avtale om at barnet skal vera hjå ein av foreldra annan kvar helg, frå fredag etter skuletid til skulestart måndag morgon. Denne transporten vil ikkje vera eit fylkeskommunalt skyssansvar. Dette vert betrakta som reise for å oppretthalde omsorgsretten/plikta.

### **5.3 Barn i asylmottak**

Kjelde: Opplæringslova §2-1.

Barn som bur i asylmottak har rett til fri skuleskyss etter reglane i kapittel 2 når dei mottek grunnskuleopplæring etter Opplæringslova §2-1. Retten til grunnskuleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal opphalde seg i Norge i meir enn tre månader. Asylmottaket vert rekna som eleven sin heim.

Vaksne som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, m.a. asylsøklarar, får ingen rett til grunnskuleopplæring og har såleis heller ikkje skyssrett. I den grad det vert tilrettelagt eit undervisningsopplegg, skal skyssutgiftene i heilheit verte dekkja av kommunen/asylmottaket.

### **5.4 Elevar i fosterheim**

Kjelde: Opplæringslova §13-1 og forskrifter kap 18

Barn som bur i fosterheim har rett på fri skuleskyss etter reglane i kapittel 2. Fosterheimen blir rekna som eleven sin heim.

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og finansiere skyss mellom fosterheim og skule under føresetnad av at avstanden mellom fosterheim og skule er på 2/4 km eller meir.

Dersom fosterheimen ligg i ein annan kommune enn skulen, er omsorgskommunen ansvarleg for å dekke persontaksten. Omsorgskommunen er den kommune som har fatta vedtak om at eleven skal i fosterheim.



## **5.5 Elevar i avlasting**

Kjelde: Brev frå KUF til Statens Utdanningskontor i Buskerud datert 02.08.95

Elevar i avlasting har rett på fri skuleskyss etter reglane i kapittel 2. Avlastingsheimen vert rekna for eleven sin heim dei dagane eleven er i avlasting. Dersom avlastingsheimen ligg i ein annan kommune, er heimkommunen ansvarleg for å dekke persontaksten.

## **6 ELEVEN SIN SKULE**

### **6.1 Nærmiljøskulen**

Kjelde: Opplæringslova §8-1

Kommunen avgjer kva skule eleven høyrer til. Elevar soknar i utgangspunktet til den skulen som ligg nærast heimen. Føresette kan likevel søke kommunen om at deira son/dotter skal gå på ein annan skule. I slike tilfelle har vedkomande som hovudregel ikkje rett på fri skuleskyss.

### **6.2 Skyss til andre skular enn eleven sin nærmiljøskule**

Kjelde: Opplæringslova § 8-1

Brev frå KUF til Statens utdanningskontor i Hordaland datert 30.09.97

Brev frå UFD til Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus av 15.03.02

Etter søknad kan elevar verta tekne inn på ein annan skule i nærmiljøet enn den som eleven soknar til, jfr Opplæringslova §8-1, 4 ledd. Fylkeskommunen er ansvarleg for skyss av elevar som i følgje enkeltvedtak får innvilga rett til å gå på ein annan skule enn eleven sin nærmiljøskule. Pedagogiske (tilrettelagt opplæring), samfunnsmessige, sosiale og personlege forhold kan begrunne skulegang ved ein annen skule. Det er ein føresetnad at det er dokumentert at det er vesentlege grunnar til at eleven får gå på ein annan skule enn nærmiljøskulen. Dette gjeld byte av skule både innan og mellom kommunar.

Elevar som flyttar til ein annan bustad i løpet av skuleåret og som vel å gå på den tidlegare nærmiljøskulen har som hovudregel ikkje rett på fri skuleskyss. Dette gjeld flytting både innan og mellom kommunar. I særskilde tilfelle som nemnt ovanfor kan fylkeskommunen likevel vurdere å innvilge rett til skyss.

#### **KOMMENTAR:**

Når kommunen gjer vedtak om å innvilge ein annan skuleplass enn nærmiljøskulen, har kommunen høve til å stille som vilkår at ein ikkje får dekka skyss. Dette må kommunen gjere klart i vedtaket. Dersom kommunen har høve til å stille slike vilkår, og ikkje gjer det, må kommunen sjølv dekke ekstrautgiftene (jfr brev UFD 15.03.02).

Døme: Dersom foreldra/føresette ønskjer at barnet skal gå på ein annan skule enn nærskulen og begrunner det åleine med at det generelt sett er ein betre skule, meiner departementet at det som hovudregel kan verta stilt vilkår til foreldra/føresette om dekking av ekstra utgifter til skuleskyss (jfr brev UFD 15.03.02).

### **6.3 Mellombels undervisning i andre lokale enn nærmaste skule**

Fylkeskommunen er ansvarleg for å organisere skyss i dei tilfella kor undervisninga mellombels vert lagt til andre skular. Det kan f.eks vera ved ombygging/renovering av den ordinære skulen. Dersom mellombels flytting av elevane medfører ekstrakostnader i høve til

opprinneleg skulestad, kan kommunen i særlege tilfelle måtte pårekne å dekke kostnadane ved dette.

#### **6.4 Undervisning fleire stader**

Kjelde: Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1

Tolking i brev frå KUF til Statens utdanningskontor i Vest-Agder 24.04.98

Som skuleskyss vert rekna kùn den regelmessige transport av elevar mellom heim og skule og omvendt.

Kommunane har såleis det økonomiske og administrative ansvaret for andre former for transport av elevar i grunnskulen sin regi, som til dømes:

- køyring til symjeopplæring; skule-symjehall
- gymnastikk/idrettsdag; skule-gymnastikkundervisning
- utplassering i arbeidslivet, arbeidsveke
- ekskursjonar/utflukter
- anna skyss i skuletida, t.d mellom skule og folkebibliotek
- skyss mellom undervisningsstader i skuletida

#### **KOMMENTAR:**

I samband med symjing-og gymnastikkundervisning er fylkeskommunen kùn ansvarleg for skyss der heimen er start-eller endepunkt.

Regelen om skyss mellom ulike undervisningsstader i skuletida gjeld både funksjonsfriske og funksjonshemma elevar som treng skyss til eit aktivitetstilbod utanfor skulen (t.d. badekøyning etc.)

Spesialpedagogiske tiltak som vert lagt utanfor skulen, kan t.d vera ridetimar, svømming i varmtvannsbasseng og tilrettelagt undervisning. Fylkeskommunen er ansvarleg for skyssen etter følgjande måte:

Døme: Heim-skule:

Fylkeskommunalt ansvar for skyssen.

Døme: Heim-skule-spes.ped:

Fylkeskommunalt skyssansvar til skulen. Kommunen har ansvaret frå skulen til det spesialpedagogiske tiltaket. Dersom ”skuledagen” startar/vert avslutta på staden der det pedagogiske tiltaket vert gjeve, har fylkeskommunen skyssansvaret til/frå heimen. Dersom eleven skal tilbake til skulen, er det eit kommunalt skyssansvar.

Døme:Heim-spes.ped.-heim:

Fylkeskommunalt skyssansvar dersom det spesialpedagogiske tilbodet er på ein stad heile dagen, og det er eit fast opplegg.

#### **6.5 Undervisning i heimen ved sjukdom**

Dersom skule og heim inngår særavtalar om undervisning i heimen dersom eleven er sjuk i ein periode, og undervisninga medfører skyssutgifter, vert dette definert som tenestereise. Skulen vil i slike tilfelle vera ansvarleg for å dekke eventuelle skyssutgifter.

## **7 SKYSSTANDARD**

### **7.1 Gangavstand**

Kjelde: Merknader frå Ot.prp nr 46 (1997/98) til § 7-1

Fylkeskommunen kan pålegge elevar i 1.klasse ein gangavstand på inntil 1 km frå heim til skyssmiddel.

Elevar i 2.-10.klasse kan påleggast ein gangavstand på inntil 2 km frå heim til skyssmiddel.

Elevar i 1.klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskilt skyss på denne strekkja. På same måte kan elevar i 2.-10.klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskilt skyss på denne strekkja. Det er ein førsetnad for slik særskilt skyss til offentleg skyssmiddel at elevar i 1.klasse har 2 km eller meir mellom heim og skule, og at elevar i 2.-10.-klasse har 4 km eller meir mellom heim og skule.

### **7.2 Reisetid**

Kjelde: Merknader frå Ot.prp nr 46 (1997-98) til § 7-1

Rundskriv N-4/85 frå Samferdsledepartementet

Skuleskyssen må organiserast slik at elevane får akseptabel reisetid. Særleg er det viktig at 6-åringane si reisetid er så kort som muleg. Ved vurdering av "akseptabel" reisetid vert gangtid, ventetid og tid med transportmiddelet sett i samanheng. Elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen. I følgje rundskriv N-4/85 frå Samferdsledepartementet vert følgjande anbefalt som total reisetid ein veg (gangtid+ventetid+tid på transportmiddelet):

- 45 min for 1.-4.klasse
- 60 min for 5.-7.klasse
- 75 min for 8.-10.klasse

Reisetidene er rettleiande!

#### **KOMMENTAR:**

Skulestrukturen har endra seg vesentleg dei siste 15-20 åra og bl.a medført fleire sentrale skuleeinheiter og auka trong for skuleskyss over lengre avstandar. På denne bakgrunn kan det ikkje verte forventat at anbefalingane kan følgjast i alle tilfelle.

### **7.3 Reisefølgje/ledsagar og tilsyn**

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-4 og 13-4

Merknader frå Ot.prp nr 46 (1997-98) til § 7-4

Elevar har rett til reisefølgje dersom dette er naudsynt for at eleven skal kunne gjere seg nytte av det skyssstilbodet dei har rett til. Kommunen har ansvaret for å organisere og finansiere slikt reisefølgje.

Elevar har også rett til naudsynt tilsyn når det vert ventetid før undervisninga tek til og etter at undervisningstida er slutt. Kommunen si plikt til å føre tilsyn kan i enkelte tilfelle også omfatte tilsyn i samband med byte av transportmiddel undervegs. Kommunen vil bl a også ha

tilsynsplikt med funksjonshemma elevar i transportmiddelet dersom dette vert vurdert som nødvendig.

Kommunen har avgjerdsmynde og økonomisk ansvar for reisefølge/ledsagar/tilsyn.

#### **7.4 Følgjeteneste på skulebussen for 1.klassingar**

Fylkeskommunen tilbyr ei ordning med følgjeteneste på skulebussen med bakgrunn i at ein skal vere endå betre rusta til å møte utfordringa med alle dei yngste skuleborna som tek til om hausten.

Tilbodet er tiltenkt ruter som hovudsakleg vert nytta av 1.klassingar, og følgjepersonen skal bistå sjåføren med å halde orden og lære borna gode bussvanar heilt frå starten.

Fylkeskommunen gjev kommunane og ruteselskapa høve til å sette inn ein følgjeperson på skulebussen den første skuleveka om hausten, dvs 5 skuledagar. I tillegg kan det nyttast ein dag til planlegging. Dvs at involverte partar som t.d. følgjepersonar, representantar frå billaget og skuleverket får høve til å gjennomføre eit samordnande møte på førehand.

Kommunane/ruteselskapa ordnar med følgjeperson og set igong ordninga. Kommunane betalar følgjeperson, og får dekkja utgiftene av fylkeskommunen i ettertid.

Sjå elles eige rundskriv til kommunane som omhandlar m.a. økonomiske vilkår (vedlegg 1).

#### **7.5 Følgjeteneste til/frå skuleskyssen for 1.klassingar**

Kjelde: Fylkestinget 16.juni 1998

Ordninga gjeld elevar i 1.klasse og som fylkeskommunen har eit skyssansvar for, dvs dei som har ein samla skuleveg på 2 km eller meir.

Elevar som har under 1 km (jfr krav om gangavstand pkt 7.1) til den vanlege skuleskyssen kan ved søknad få eige følgje ved trafikkfarleg eller særleg vèrutsett skuleveg.

Kommunen har avgjerdsmynde i slike saker.

#### **KOMMENTAR:**

Ordninga med følgjeteneste må sjåast på som eit supplement eller eit alternativ til pkt 2.2 ”Farleg skuleveg”. Ved å ta i bruk ordninga og gjere borna betre rusta til å ferdast i trafikken gjennom opplæring det første skuleåret, kan ein kanskje unngå å definere vegstrekingar som ”farleg”.

Kommunane tek stilling til kven som treng følgjeteneste frå heim til skyssmiddel av 1.klassingane.

Ettersom det er snakk om konkrete individuelle vurderingar, let det seg vanskeleg gjere å gje klare og eintydige retningslinjer og uttømmende døme for kva kriterie som kjem inn under farleg skuleveg. Av viktige forhold som kan spele inn, kan vi likevel nemne som døme mengda av trafikk, om det er gangveg og om det er riksveg. Kommunane har elles erfaring i å gjere slike vurderingar ut i frå si eiga skyssplikt ved farleg skuleveg.

Godkjent følgeteneste vert organisert av kommunane, td gjennom kontaktar i nærmiljøet til vedkomande eller evt annonsering etter interesserte følgjevener i lokalavisene.

Som godtgjersle legg ein til grunn gjeldande minstetakst for drosje pr tur (utan påslag for skulerute og ventetid). Kommunane forskotterer godtgjersla som etter kvart halvår vert refundert av fylkeskommunen mot innsendt refusjonskrav.

## **7.6 Innhysing**

Kjelde: Opplæringslova § 7-1

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1

Innhysing er eit alternativ i særlege tilfelle. Kommunen skal hyse inn elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg, f.eks i deler av året kor det ikkje er muleg med skyss på grunn av klimatiske forhold. I slike vurderingar skal det særleg leggst vekt på tilhøve som gjeld den enkelte elev f.eks alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss medfører ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra/føresette om eleven skal skyssast eller innhysast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskuleelevar som er innhysa.

Dersom elevane blir innhysa på ein skule utanfor kommunen, er det bustadkommunen som har ansvaret for å etablere tilsyn, jfr §13-1.

## **8 SKYSSBEVIS / FRIKORT FOR SKULESKYSS**

Alle elevar – som etter gjeldande retningsliner har krav på fri skyss mellom heim og skule – skal utstyrtast med frikort for skuleskyss.

Fylkeskommunen tingar skysskorta og sender desse til ruteselskapa som har ansvaret for å skrive ut skysskort i samarbeid med elevane sin heimstadkommune.

Melding om tapte og øydelagde kort skal gå gjennom skulen til ruteselskapa. Eleven vil få nytt kort snarast råd. Det vert ikkje gjeve refusjon for reiseutgifter dei dagane eleven er utan kort.

## **9 SKYSS TIL SKULEFRITIDSORDNING - SFO**

### **9.1 Generelle reglar**

Kjelde: Opplæringslova § 13-7

Elevane har rett på fri skuleskyss til/frå skulen, til skulen sine ordinære start-og sluttider. Eleven har ikkje rett på skyss i samband med SFO. I særskilde tilfelle kan eleven likevel få skyss til/frå SFO, dersom dette ikkje fører til meirkostnad for fylkeskommunen.

#### **KOMMENTAR:**

Elevane har berre rett på skyss til/frå skule. Dersom skyss til/frå SFO ikkje fører til meirkostnad for fylkeskommunen, kan eleven få skyss.

Følgjande vilkår må imidlertid liggje til grunn:

- vedkomande har frå før rett til offentleg betalt skyss der kommunen betalar barnetakst begge vegar
- skyssen er innmeldt til ruteselskapet og fylkeskommunen
- det er ledig plass på den aktuelle bussen
- SFO er ei fast ordning dvs. skjer til faste dagar, slik at tidene kan påførast skysskortet til eleven.

For elevar som har spesialskyss med drosje er det eit vilkår at den ordinære skuleskyssen med drosje ikkje let seg samordna med andre skyssberetta elevar, dvs fleire elevar følgjer same drosjen. Så lenge det ikkje er samordningspotensiale, dvs eleven er åleine i drosjen, kan drosjen tingast i samband med SFO-tider så lenge dette ikkje fører til meirkostnad for fylkeskommunen.

## **9.2 Elevar med tilrettelagt opplæringstilbod i skulefritidsordninga**

I dei tilfella ein elev etter vedtak i kommunen har fått tillagt spesialundervisning i skulefritidsordninga (SFO), kan eleven etter søknad få dekkja skyss til eller frå SFO dei dagane eleven får undervisning i SFO. Formelt vert då tilbodet i SFO ein del av den ordinære grunnskuleopplæringa.

Retten til skyss er ikkje avgrensa til berre å gjelde dei dagane av året som vert omfatta av ordinær grunnskuleundervisning. Elevar som har spesialpedagogisk undervisning i SFO har rett til skyss alle dei dagane dei faktisk har slik undervisning.

### **KOMMENTAR:**

Skyssretten for elevar med eit slikt tilbod avheng av at tilbodet vert definert som grunnskuleopplæring og at eleven er sikra ressursar til spesialundervisning etter kommunalt enkeltvedtak. Skulen/kommunen legg fram dokumentasjon for undervisningsopplegget; Kva dagar det vert gjeve undervisning, samt vedtak om at eleven mottek undervisning i SFO.

## **10 MIDTSKYSS**

Kjelde: Samferdsledepartementets rundskriv N-1/90

Tolking i brev frå KUF til Statens utdanningskontor i Rogaland 18.06.97

Brev frå KUF datert 16.11.01

Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner midtskyss for grunnskuleelevane. Det er likevel ein føresetnad at skyssen ikkje overstig 2 midtskyssar pr veke på den same strekkja. Dersom kommunane/skulane legg opp til ein vekeplan som inneber meir enn 2 midtskyssar pr veke, må dei i så fall sjølve dekke kostnaden med midtskyss nr 3, 4 og 5. Dette kan fråvikast i heilt særskilte høve etter søknad frå kommunen, dvs når ein konkret midtskyss ikkje fører til meirkostnad for fylkeskommunen/transportøren.

Kommunane dekker kostnaden med midtskyss nr 3, 4 og 5 pr veke etter same sats som den vi nyttar for grunnskuleskyss i samband med m.a. symjeundervisning og kroppsøving (vedlegg 2). Ved bruk av drosje nyttar ein takstar for skuleskyss med drosje (vedlegg 3).

#### KOMMENTAR:

I Samferdsledepartementet sitt rundskriv N-1/90 er midtskyss definert som ”skyss mellom heim og skule midt på dagen og utanom vanleg tid for skulestart og skuleslutt...”. I høve til Kyrkje,-utdannings-og forskningsdepartementet har ikkje elevar i grunnskulen rett til midtskyss slik dette er definert i rundskriv N-1/90. Departementet viser til at ein slik rett ikkje framgår av lovas ordlyd eller førearbeid. Slik departementet ser det er det kommunen som er ansvarleg for å bera byrden økonomisk dersom det likevel vert tilbydt midtskyss. Kommunen har altså inga plikt til å tilby midtskyss, og må sjølv vurdere om dei økonomiske rammene gir rom for dette.

Definisjonen til Samferdsledepartementet inneber at all skyss mellom heim og skule som finn stad i perioden mellom første og siste ordinære undervisningstime er å forstå som midtskyss.

Døme:

Ein skule har følgjande timeplan:

1.-3.klasse:	skuletid:	kl 0900-1215
4.-5.klasse:	skuletid:	kl 0900-1315
6.-7.klasse:	skuletid:	kl 0900-1400

Den ordinære skulestarten i dette eksemplet er kl 0900 og skuleslutt kl 1400. Evt skyss kl 1215 og kl 1315 definerast som midtskyss.

I særskilte høve kan kommunen få godkjent eit høgre tal midtskyssar dersom dette ikkje fører til meirkostnad for fylkeskommunen/transportøren. Kommunen må søkje fylkeskommunen om eit slikt fritak frå hovudregelen.

Døme:

Det er naudsynt med to bussar for å få alle elevane til/frå skulen morgon og ettermiddag. Imidlertid vert elevane køyrt heim igjen i to puljar i stadenfor ein, dvs ein bussavgong kl 1240 og ein kl 1430. Men det er framleis berre to bussavgongar som tek heimskyssen. Så lenge det ikkje vert rimelegare for fylkeskommunen/transportøren å vente med midtskyssen til kl 1430 – kan midtskyssen godkjennast.

## 11 INFORMASJONSPLIKT

Kommunen og fylkeskommunen har plikt til å informere elevane om deira skyssrettar.

#### KOMMENTAR:

Fylkeskommunen vil informere kommunane og kommunane/skulane har ansvar for å informere elev/føresette om gjeldande regelverk.

## 12 VEDTAK OG KLAGERETT

Kjelde: Opplæringslova § 15-2  
Forvaltningslova §28, 29

Fylkeskommunen og kommunen sine avgjerder om elevane sin rett til fri skuleskyss er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Vedtaket om fri skuleskyss gjeld for høgst eitt skuleår om gongen.

Vedtaket om fri skuleskyss kan påklagast etter forvaltningslova kap VI. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen eleven mottok melding om vedtaket. For elevar i grunnskulen vil klageinstansen vera Fylkesmannen i Sogn og Fjordane når retten til fri skyss er heimla i Opplæringslova.

Klagen skal sendast til det forvaltningsorgan eller underinstans som har truffe vedtaket, enten den enkelte kommune eller Sogn og Fjordane fylkeskommune. Med andre ord den instans som er både økonomisk og administrativt hovudansvarlege for skyssen vert rekna som underinstans. Underinstansen skal sørge for å leggje saka fram for Fylkesmannen.

### **13 ØKONOMISK ANSVAR**

Kjelde: Opplæringslova § 13-4  
Ot prp nr 48 (1984-85), side 64

#### **13.1 Fordeling mellom fylke og kommune**

Det økonomiske ansvaret for skyss i grunnskulen er delt. Ved transportar som fylkeskommunen har det økonomiske og administrative ansvaret for, er kommunane sitt ansvar i hovudsak avgrensa til vanleg billettakst for offentleg rutetransport på gjeldande strekning. Kommunane betalar refusjon etter gjeldande persontakst for grunnskuleborn og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Fylkeskommunen dekker den overskytande kostnaden. Kommunane føretek sjølve direkte oppgjer med løyve-havaren for sine elevar i grunnskulen.

I dei tilfella kommunen har skyssansvar for elevane og det fylkeskommunale transporttilbodet både tids- og kapasitetsmessig kan dekkje transporten, vil kommunane sitt ansvar likevel avgrense seg til vanleg billettakst på strekninga på tilsvarende måte som for den skuleskyssen fylkeskommunen har ansvaret for. I andre tilfelle kor det fylkeskommunale transporttilbodet ikkje har kapasitet til å ta med elevar som kommunen har skyssansvar for, eller det må etablerast ein særskild skyss, må kommunen dekkje alle kostnader med dette skyssopplegget.

For vaksenopplæringslevar med eit opplærings- og aktivitetstilbod, vert skyssutgiftene delte likt mellom fylkeskommune og kommune. Utover dette betalar kommunen vanleg persontakst for vaksne grunnskuleelevar.

### **14 SAMORDNING MELLOM SKULESLAGA**

Der det er høveleg og økonomisk gunstig, skal det vera felles ruter for vanlege passasjerar, elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Kravet om samordning gjeld òg for funksjonshemma elevar og ungdom og vaksne som får spesialopplæring i grunnskulen.

Fylkeskommunen kan pålegge elevane gangtid og ventetid dersom det er nødvendig for å oppnå samordning, jfr pkt 7.1 og 7.2

Dagleg skulestart og skuleslutt, oppstarting og avslutting av skuleåret, fridagar og feriar bør vera samordna for alle skular i same skuleskyssregion for å avgrense talet på køyredagar. For



å lette samordninga lyt kommunane følgja framlegg til samordna årsplan frå Fylkesmannen og fylkeskommunen (vedlegg 4). Dersom denne samordninga vert skipla som følgje av at skular legg opp til ein årsplan som avvik frå framlegg til årsplan, vil fylkeskommunen ikkje dekke dei auka skysskostnadane som dette evt medfører.

## 15 ADMINISTRASJON / ORGANISERING

Kommunane bistår fylkeskommunen og ruteselskapa med tilrettelegging av skyssopplegget.

Den einskilde kommune tingar skuleskyss kvart år på standardiserte skjema jfr ”Trongen for skuleruter” (sjå vedlegg 5). Dette skjemaet skal sendast fylkeskommunen med kopi til ruteselskapet og eventuelle båttransportørar som utfører skuleskyss i området. Den innmelde trongen for skuleskyss vil danne grunnlaget for organisering av skyssen og berekning av den kommunale skysskostnaden. Trongen for skuleskyss skal femne om all regelmessig skuleskyss gjennom skuleåret. Skyss av ungdom og vaksne som får spesialopplæring skal gå klart fram av skyssrapportering (sakkunnig vurdering/vedtak må følgje med, jfr høvesvis pkt 4.3). Det må vidare gå klart fram kva elevar som treng båtskyss og kven som ut frå funksjonshemming treng særskilte skyssopplegg.

Kommunane sender inn oversikt over dei elevane som etter søknad treng skyss på grunn av særleg trafikkfarleg skuleveg, jfr pkt 2.2. Søknadane skal først sendast kommunen som vurderer søknaden etter same kriterier og på lik line med det kommunale ansvaret for farleg skuleveg. Søknaden vert deretter sendt vidare til fylkeskommunen i saman med kommunen si vurdering og tilråding av kor vidt heile eller deler av avstanden frå heimen til offentleg skyssmiddel bør reknast som særleg farleg eller vanskeleg. Fylkeskommunen fattar endeleg vedtak i saka. I tvilstilfelle vil ein føreta synfaringar med representantar frå ulike faginstansar.

Dersom ein skule legg opp til ein årsplan som avvik frå framlegget til samordna årsplan må det gjevast melding om dette. Den einskilde kommune må sjølv dekkje eventuelle meirkostnader i samband med avvik frå samordna årsplan, jfr pkt 14.

Oppretting av nye skyssar eller endringar i gjeldande ruter som fører til meirkostnader for fylkeskommunen, skal godkjennast av fylkeskommunen i god tid før nytt skuleår tek til.

Drosjeskyss og privat skyss med skulerutefunksjon skal i tillegg til skuleskyss med buss, administrerast av rutebilselskapa, så lenge det er snakk om regelmessig/fast skyss gjennom heile skuleåret.

Båtskyss i skulerute vert administrert av fylkeskommunen. Kommunane har mynde til å administrere skyss i samband med mellombels skade/sjukdom/midlertidig funksjonshemming, jfr pkt 3.1

## **VEDLEGG**

### **FASTE SKRIV FRÅ FYLKESKOMMUNEN**

**(Skriva vert sendt ut til kommunane i forkant av kvart skuleår)**

Følgjeteneste på skulebussen .....	vedlegg 1
Skuleskyss med buss – takst .....	vedlegg 2
Takstar for skuleskyss med drosje .....	vedlegg 3
Samordna framlegg til skulerute .....	vedlegg 4
Tinging av skuleskyss .....	vedlegg 5

<b>REFUSJONSORDNINGA I SAMBAND MED SKADE/SJUKDOM .....</b>	<b>vedlegg 6</b>
--	------------------